

– No må Ulstein ta ansvaret for brannvern!

Eg registrerer at rådmannen i Ulstein føreslår å kutte brannsjef/beredskapsstillinga som sikre kvalitet, samordning- og beredskapsleiing i det nye brannvernet. 400 000 kroner skal ut – det er snart heile beredskapsstillinga. Det er stikk i strid med heile føremålet med samanslåinga av brannvernet i Hareid og Ulstein. Vi skulle få betre brannvern, ikkje berre større.

Argumentet var at fleire mannskap frå to stasjonar skulle samarbeide for eit betre brannvern. Ikkje at det var därleg frå før. Mannskapet har opparbeidd høg kompetanse og held mål kvar og ein, men poenget var nettopp denne stillinga som skulle kvalitetssikre og halde orden på mannskap og utstyr.

Kven tek ansvaret no?

Det var nokre gode grunnar til samanslåinga – vi skulle samordne gode system for ettersyn, vedlikehald, HMS og eit system for avviksrapportar – men når dette no ser ut til å verte prioritert vekk, ja, då er vi like langt. Når denne samordninga no vert strypt vekk, fell heile grunnlaget for samanslåinga vekk.

Det frivillige brannvernet har teke ansvar og stått på med dugnad i årevis – meir enn det som ein kan forventa av eit frivillig brannvern. No skulle dette inn i faste rammer – og dette ansvaret håpar eg politikarane i vertskapskommunen Ulstein ser.

Samanslåinga skal etter avtalen skje 1. januar. Ulstein kommune skulle sørge for ein beredskapsleiar for å få alt på plass. Dersom der ikkje er ein beredskapsleiar som koordinerer mannskap og stasjonar, og slik startar arbeidet med samanslåinga – fell heile grunnlaget for avtalen vekk. No bidreg Hareid med sine midlar etter avtalen. Då vert det fullstendig urimeleg at Ulstein kuttar sine utgifter i andre enden akkurat idet ein skal gå inn i samarbeidet for ei felles brannvern.